

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Laila Perine Høivik
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Odda/ Bergen, 15. mai 2018

Innspel til flaumluke i Sandvinvatn (NVE saksnummer 201606897)

NVE ber i brev, datert 10. april 2018, om innspel til flaumluke i Sandvinvatn og tilleggsgutgreiing frå SKL. NVE opnar også opp for eventuelle nye merknader til flaumsikringsspørsmålet som ikkje har vorte fremja tidlegare i saka. Vi har tidlegare gjeve innspel til utgreiingsprogram og til konsesjonssøknad frå SKL om eit større vasskraftverkanlegg med flaumtunnel.¹

Multiconsult har på oppdrag frå NVE gjennomført ei innleiande utgreiing av flaumluke i Sandvinvatn. Forprosjektet er ei oppfølging av eitt av alternativa som var føreslått i rapporten «Mulighetsstudie for flomdempende tiltak i Opo».² Førebels resultat er presentert i rapporten «Flomluke Sandvinvatn».³ Samstundes har SKL utforma ei tilleggsgutgreiing for eit tiltak, som inneber eit større vasskraftverkanlegg med flaumtunnel i fjell på vestsida av hovudlauget til nedre del av Opo.⁴ NVE har eit overordna ansvar for statlege forvaltingsoppgåver innan førebygging av flaumskader og skredulykker. Difor var NVE allereie kort tid etter storflaumen i 2014 i gong med sikringsarbeidet i nedre løpet av Opovassdraget. Ei moglegheitsstudie utført av Multiconsult på oppdrag frå NVE vart satt i verk for å få eit oversyn over moglege tiltak som kunne gje ytterlegare tryggleik for liv og helse. Prosessen om varig flaumvern i Opo vart initiert etter anmodningsvedtak i Stortinget med følgjande ordlyd, jf. Innst. 9 S (2015–2016): «*Stortinget ber regjeringen legge frem sak om varig flomvern i Opovassdraget i løpet av 2016, hvor alle aktuelle tiltak, inkludert konsesjonsbehandling av nedre del av vassdraget, vurderes*» (vår understreking).

I moglegheitsstudia for Opovassdraget vart det skrive i innleiinga: «*En forutsetning for å få offentlig tilskudd til flomtiltak er at det (som for andre offentlige investeringer) kan sannsynliggjøres at investeringen er samfunnsmessig lønnsom, i den forstand at nytteverdien (diskontert til en nåverdi) er større enn kostnadene ved tiltaket. Ved nytte tas det hensyn både til prissatte og ikke-prissatt konsekvenser. Dette gjøres vanligvis gjennom en*

nytte/kost-analyse». Eit fleirtal i energi- og miljøkomiteen, Stortinget, har vist til staten må ta eit større ansvar i samband med finansiering av tiltak, og flaumsikringstiltak i Opovassdraget er særskilt nemnt, seinast 22. mars 2018: «*Det betyr også at staten i større grad må stille opp og finansiere flomsikringstiltak, slik det for eksempel er behov for i Opo i Odda*». ⁵

NVE har i bakgrunn for fastsetjing av KU-program, 12. mai 2017, skrive om vidare saksgang: «*NVE vil sammen med Odda kommune se nærmere på teknisk/økonomisk utredning av 1-2 tiltak fra mulighetsstudiet for å følge opp det som vi anser som eventuelle alternativer til flomsikring, parallelt med saksbehandlingen av SKL-prosjektet. Vurdering av alternative løsninger vil inngå i vår vurdering av prosjektet i innstillingen til Olje- og energidepartementet*». ⁶ NVE har også orientert om vidare saksgang i flaumsikrings-saka i brev datert 18. januar 2018. ⁷ Moglegheitsstudia frå desember 2016 la også fram forslag til fleire flaumsikringsløyser, mellom anna ein forslag om flaumtunnel utan eit større vasskraftverk.

Innspel til vidare arbeid med tilleggsutgreiingar og vidare saksgang:

1. Vi ber NVE og Olje- og energidepartementet om å setje av tilstrekkeleg med tid til at forprosjektet «Flaumlake Sandvinvatn» kan verta fullført. Ein endeleg rapport for «Flaumlake Sandvinvatn» må føreliggje og vera offentleggjort før NVE sender si innstilling til Olje- og energidepartementet.
2. Vi ber NVE om at det vert satt i verk tilleggsutgreiing for ein flaumtunnel utan eit større kraftverk i tråd med KU-regelverket. Vi ber om at dette vert ferdigstilt før NVE sender si innstilling til Olje- og energidepartementet. Vi ber NVE ta stilling til dette, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 27.
3. Vi ber NVE om å sjå til at sluttdokumentasjon for flaum- og erosjonssikring i nedre del av laupet i Opo vert offentleggjort før NVE sender si innstilling til Olje- og energidepartementet.
4. Vi ber NVE sjå til at det vert utarbeidd eit oversyn over eventuelle andre flaumsikringstiltak det er behov for i Opovassdraget utover dei tiltaka som allereie er presentert i saka.

Innspel til forprosjekt «Flaumlake i Sandvinvatn»:

Verneplanen for vassdrag, verneverdiane og flaumlake i Sandvinvatnet

Føremålet med Verneplanen for vassdrag er å ivareta eit representativt utsnitt av norsk vassdragsnatur. Stortinget har ikkje oppheva vernestatusen til vassdraget. Flaumhendinga i 2014 gjer at ei flaumsikringsløyser må vurderast både med omsyn til liv og helse, nytteverdi og med omsyn til vassdragsvernet. Vassdragstekniske inngrep må vurderast både i høve verneverdiane i vassdraget, og i høve forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag. ⁸

Vi viser til konsesjonssøknad frå SKL og – tilsvarende i kommentarar frå SKL datert 23.5.2018 avsnitt 5 – der det vert skrive s. 118 «Vernegrunnlaget er «urørthet» i vassdraget, og er knytt til vassdraget oppstrøms Sandvinvatnet. Tiltaket inneber fråføring av vatn frå Opo som i dag er ei uregulert elv. Råka elvestrekning går gjennom Odda sentrum og er i dag sterkt prega av kanalisering og ei rekke brukryssingar. Bakgrunnen for tiltaket er flaumsikring av Odda sentrum og områda rundt Sandvinvatnet. Alle inngrepa knytt til tiltaket er i eller svært nære Odda sentrum og rører berre i liten grad ved verneverdiane i vassdraget». ⁹ (vår understreking) Vi meiner SKL ikkje har vurdert vernebestemmelsane tilstrekkeleg og bakgrunnen for vassdragsvernet i Opo. Vi viser til at SKL har ei for snever avgrensing av vassdragsvernet i si analyse av konsekvensgrad, og meiner at tiltakshavar må ta omsyn til «Kriteriene for vassdragsvernet» og at det føreslåtte tiltaket i stor grad vil berøra verneverdiane i vassdraget. Vi meiner at NVE i vurderinga av korleis SKL sitt tiltak berører verneverdiane må sjåast i lys av bakgrunnen for opprettinga av Verneplan I, og det som var utgangspunktet for å gje eit utval vassdrag varig vern.¹⁰ Dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag viser til grunnlaget for å gje vassdrag varig vern i Verneplan I: «I verneplan I ble det spesielt lagt vekt på å sikre vassdrag med store landskaps- og friluftslivsverdier, men også verdien for vilt, fisk og naturvern ble tatt med i vurderingen» (vår understreking).

Kriteria for vurdering av verneverdiar i vassdraget kan delast inn i fire hovudkategoriar: 1. Naturfaglege verdiar, 2. Kulturminneverdiar, 3. Landskapsverdiar og 4. Verdien for friluftslivet. Vi viser til at NOU 1994:12 og avsnitt 23.2.2. som drøftar «Kriteriene for vassdragsvernet», der det mellom anna vert skrive, s. 323: «Verdien av et vassdrag for friluftslivet er til dels knyttet til opplevelsesverdi, men også til vassdragets beliggenhet. Friluftsliv er et begrep som favner temmelig vidt, frå tradisjonelle fotturer, bading, jakt og fiske, til mer utstyrskrevene aktiviteter som for eksempel brettseiling, elvepadling (rafting) m.v. En stor del av friluftslivaktivitetene er imidlertid knyttet til vann og vassdrag i nærheten av byer og tettbygde strøk. Det er derfor lagt vekt på å verne også vassdrag som ligger i nærheten av større befolkningskonsentrasjoner». ¹¹

Vi viser til at «variasjonsbreidde» er eit anna karaktertrekk ved vassdragsobjekt nr. 75 som vart trukke fram av Industridepartementet i innstillinga til Stortinget i 1971. Industridepartementet siterer her Hovedstyret si oppfatning av verneverdiane: «Opovassdraget løper som Kinsovassdraget relativt uberørt fra den nivale sone, i stor høyde, gjennom et vilt og variert landskap ned til havet. Ved hovedvassdraget og de mange sidevassdrag, for en stor del med brettløp, representerer Opovassdraget etter Hovedstyrets mening trolig en enda større variasjonsbreidde enn Kinso» (vår understreking). Vi registrerer også at innstillinga til Industridepartementet ikkje tolkar «uberørt» slik SKL har tolka det i konsesjonssøknaden.¹²

Formålet med forprosjekt «Flaumluke i Sandvinvatnet» er å hindre nye flaumskader langs Opo-vassdraget, rundt Sandvinvatnet og i nedre del av Storelvi. Forslaget inneber etablering av ein kanal på 270 meter på austsida av utlaupet til Sandvinvatnet. Kanalkonstruksjonen får ei Obermeyerluke, som vert etablert rett nedanfor kulverten. Flaumluka gjer det mogleg å senke flaumvasstanden i Sandvinvatnet med 0,6 – 1,3 m. Multiconsult vurderer løysinga som

«velegnet tiltak for å sikre eiendommer rundt Sandvinvatn og nederste del av Storelvi». Flaumdempinga fungerer ved at vasstanden vert senka i forkant av ein forventta flaumtopp, slik at Sandvinvatnet då vil ha kapasitet til å dempe delar av flaumtoppen. Kanalbotn vil liggja på kote 82, som er 5 m under normalvasstand i Sandvinvatn. Multiconsult skriv, s. 13, «Det er antatt at begynnende skade er ved 10-årsflom, dvs. en vannstand i Sandvinvatn på kote 89,0». Det er føreslått ein tappestrategi for å unngå skadenivå. Flaumluka er dimensjonert for å unngå flaumar opp til 200 års gjentaksintervall, men kan også nyttast til å redusera flaumskader for større og meir sjeldne flaumar. Multiconsult estimerer at kostnadene for dette tiltaket ligg i området 80 – 115 millionar kr.¹³ I tillegg vert det estimert ein førebels nytteverdi på om lag 40 millionar kr. (noverdi) med dagens klima, og ein nytteverdi som aukar til om lag 270 millionar kr. dersom klimaendringar fører til auka grad av flaumar i anlegget si levetid mot 2070.

Dei innleiande resultata frå forprosjekt «Flomluke Sandvinvatnet» indikerer at tiltaket vil vera i stand til å sikre omsynet til liv og helse. Resultata frå forprosjektet til Multiconsult indikerer at det vil vera marginale negative verknader for vassmiljøet og verneverdiane i vassdraget. Multiconsult skriv i vedlegg E om verknader for vassmiljøet: «Etableringen av flomluker ved utløpet av Sandvinvatnet vil trolig få marginalt negative effekter på vannmiljøet og fiskefaunaen i systemet i Opo. Opo er i dag en sterkt påvirket lakseelv hvor den opprinnelige laksestammen har blitt liten og genetisk uttynnet. Opo har derimot stort potensiale til å bli en svært god lakseelv med tiltakene som er gjort de siste årene».¹⁴

Friluftsliv, naturbasert reiseliv og landskap

I rapporten for fagtemaet «Samfunn, reiseliv og friluftsliv» skriv SWECO at «Tilstrekkelig minstevannføring vil være et sentralt avbøtende tiltak. Spesielt fokus bør ligge på sommerhalvåret».¹⁵ I Multiconsult sitt forprosjekt «Flomluke Sandvinvatn» vert det vurdert at ein i ein flaumstiasjon, dvs. vasstand kote 89 (skadenivå), så vil vatnet fordele seg med «ca. 400 m³/s over dagens utløp og 260 m³/s over luken i full åpen stilling (nedsenket)».

I ein normalsituasjon vil ein ved dette tiltaket kunne oppretthalde landskapsinntrykket i nedre del av laupet i Opo utan behov for avbøtande tiltak. Prosjektet vil i mindre grad berøre verneverdiane, slik det er skissert i rapporten frå Multiconsult. Etablering av flaumluka i Sandvinvatn vil ha færre inngrepsmessige verknader i landskapet, og det vil heller ikkje vera behov for omfattande deponi/ utfyllingar i sjø og verna vassdrag. Flaumluka i Sandvinvatn vil sikra at ein vil kunne bevare det statleg sikra friluftslivsområdet på Hovden. Ein vil også gjera vassdraget i nedre løpet tilgjengeleg som ein ressurs for rekreasjon, friluftsliv og reiseliv, når den nye stien langs elva vert ferdigstilt. Dette vil også vera i tråd med dei nasjonale forvaltningsmåla for verna vassdrag, bokstav a: «unngå inngrep som reduserer verdien for landskaps-bilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø», og bokstav c: «sikre og utvikle friluftslivsverdien, særlig i områder nær befolkningskonsentrasjoner».¹⁶

Resultata frå Multiconsult sitt forprosjekt indikerer at tiltaket vil betre kunne ivareta reiselivsnæringsinteresser, omsynet til friluftsliv-, natur-, landskap- og verneverdiar i

vassdraget, jf. vassressurslova § 35. I ein flaumsituasjon vil ein kunne nytta flaumluka til å fordele vassmengdene over tid og ein vil kunne nytta Sandvinvatn til flaumdemping. Forprosjektet til Multiconsult indikerer at ein kan ivareta tryggleiksaspektet med færre negative ulemper for andre omsyn. Det eksisterer difor eit relevant alternativ til eit større vasskraftverk med flaumtunnel, som NVE i samarbeid med kommunen, aktuelle driftsansvarlege, løyvingmyndigheiter må arbeida vidare med.

I valet mellom ulike flaumsikringstiltak må det leggjast vesentleg vekt på kva tiltak som kan kombinera omsynet til liv og helse, nytteverdi og omsynet til verneverdiane i vassdraget. Ei slik vurdering vil vera i tråd med Stortinget sine merknader i samband med energimeldinga, og spørsmålet om flaumsikring i verna vassdrag.¹⁷ Ei slik vurdering vil også vera i tråd med anmodningsvedtaket i Stortinget 18. desember 2015 om Opovassdraget.¹⁸ Multiconsult har lagt fram resultat frå eit forprosjekt som tyder på at ein kan ivareta dei nemnde omsyna. Vi ber om at NVE ser til at forprosjektet får høve til å verta vidare utgreidd og utvikla, slik at det kan ferdigstillast ein endeleg rapport før innstilling vert gjeve til Olje- og energidepartementet.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Daglig leder
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Kåre Frøystein
Styreleiar
Odda/ Ullensvang Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarlig
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Referansar:

¹ Sjø innspel 27. februar 2018 frå Bergen og Hordaland Turlag og Odda/Ullensvang Turlag:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2330149>

² Rapporten «Mulighetsstudie for flomdempende tiltak i Opo». Multiconsult, 5. desember 2016.

<https://www.oddakommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=347&FillId=2553>

³ Rapporten «Flomluke Sandvinvatn». Multiconsult, 9. april 2018.

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2370946>

⁴ Rapporten «Opo Flaumkraftverk. Tilleggsutgreiing 2» (april 2018).

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2370956>

⁵ Sjø Innst. 206 S (2017-2018) «Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Trude Brosvik, Geir Jørgen Bekkevold og Torhild Bransdal om statlig kompensasjon ved flom og naturskade». <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2017-2018/inns-201718-206s/>

Sjø også etterfølgjande vedtak i samband med handsaminga av representantforslaget Dokument 8:114 S (2017-2018), 19. april 2018:

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Vedtak/Sak/?p=71047>

⁶ Sjø s. 32 i «Bakgrunn for utredningsprogram: Opo og Sandvinvatnet, kraftverk og flomtunnel. Odda kommune. Hordaland fylke». <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2024496>

⁷ Sjø brev frå NVE 18. januar 2018 med tittel «Koordinering av konsesjonsbehandling av Opo kraftverk og flomtunnel med andre flomsikringstiltak i Opo»:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2286219>

⁸ Sjø Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassrag (FOR-1994-11-10-1001), Kommunal- og moderniseringsdepartementet, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1994-11-10-1001?q=vernedet%20vassdrag>

⁹ Sjø konsesjonssøknad frå SKL:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2230361>

¹⁰ St. prp. nr. 4 (1972-73) «Verneplan for vassdrag», s. 28: «Til tross for den vesentlige bedring i behandlingen av konsesjonssaker og gjennomføringen av vassdragsregulering som er skjedd, er departementet enig i at disponeringen av våre gjenværende vannkraftressuers må sees mer under ett og i lys av de allsidige brukerinteresser som knytter seg til vassdragene, og fremfor alt i et langsiktig perspektiv. Departementet er enig i det syn på vassragenes mangesidige verdi som er kommet til uttrykk i kontaktutvalgets rapport og hovedstyrets innstilling. Antallet gjenværende større vassdrag som er uberørt er redusert, samtidig som betydningen av andre brukerinteresser enn energiforsyning øker som følger av den alminnelige heving av levestandarden og den tiltagende konstantasjon i bosettingen. Man tenker da spesielt på de rekreative, naturvernmessige og vintenskapelige interesser».

¹¹ Sjø utvalet, leia av Inge Lorange Backer, og førebuing av utgreiing i samband med forslag til ny lov om vassdrag og grunnvatn, NOU 1994:12 «Lov om vassdrag og grunnvann».

¹² Sjå «Innstilling om vassdrag som bør unntas fra kraftutbygging» frå Industridepartementet (1971) til Stortinget, s. 18.

¹³ Sjå førebels kostnadsoverslag frå Multiconsult:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2371176>

¹⁴ Sjå «Forundersøkelse vannmiljø Utløp Sandvinvatnet», Vedlegg E. Feltnotat frå Multiconsult.

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2371175>

¹⁵ Sjå rapport for fagtema «Samfunn, reiseliv og friluftsliv» frå SWECO.

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2230368>

Sjå også rapport for fagtema «Landskap» frå SWECO:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201606897/2230370>

¹⁶ Sjå rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1078-vernede-vassdrag/id425432/>

¹⁷ Sjå merknader frå energi- og miljøkomiteen, Stortinget, i samband med handsaminga av energimeldinga «Kraft til endring», Innst. 401 S (2015-2016), avsnittet «Verneplan for vassdrag og flomforebygging»:

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2015-2016/inns-201516-401/2/#a8.1>

¹⁸ Sjå anmodningsvedtak 18. desember 2015, Stortinget, vedtak 404: «*Stortinget ber regjeringen legge frem sak om varig flomvern i Opovassdraget i løpet av 2016, hvor alle aktuelle tiltak, inkludert konsesjonsbehandling av nedre del av vassdraget, vurderes*».

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Vedtak/Sak/?p=63840>